

**Protokoll**  
**Regionrådet Nordhordland – måndag 14. juni**

**Møte:** 2-2021  
**Tid:** Mandag 14. juni kl. 12:00 - 18:00  
**Stad:** Region Nordhordland Helsehus, kunnskapssenter 6. etasje, møterom Nordhordland

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Hege Eide Vik (Vaksdal)
<b>Rådmenn:</b>	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Thomas Lindås (vara Austrheim), Irene Søreide (Gulen), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Atle Fasteland (Vaksdal)
<b>Adm:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Anne Hildegunn Færøy (sak 20/21 og 21/21), Tonje Husum Aarland (sak 21/21)
<b>Andre:</b>	Anders Nyland, Visit Bergen (sak 13/21), Elisabeth Halvorsen, Museumssenteret Hordaland (sak 14/21), Ove Sæbø, Modalen kommune (sak 20/21)
<b>Forfall:</b>	Lars Fjeldstad (Osterøy), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Gjermund Hagesæter (Fedje), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)

Sak 11/21	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 12/21	<b>Godkjenning protokoll møte 1-2021</b> Møteprotokoll frå møte 1-2021 vart godkjent utan merknadar.
Sak 13/21	<p><b>Visit Bergen. Status og planar 2021</b> (vedlegg)</p> <p>Reiselivsdirektør Anders Nyland orienterte om status og planar i Visit Bergen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Visit Bergen har 11 medlemskommunar og det er no konstruktive samtalar med Vaksdal.</li> <li>▪ Visit Bergen er sertifisert som «Miljøfyrtårn»,</li> <li>▪ Det er ei storsatsa satsing på digitalisering, og ny digitalisert turistinformasjon er på plass. Her har ein fått hjelp av omstillingsmidlar.</li> <li>▪ Ny moderne og framtidsretta sals- og møteplattform som inkluderer nytt og virtuelt studio for visnings- og presseturar er på plass.</li> <li>▪ Covid-19 prega sjølvstekt 2020, men Vestland var vinnaren som turistområde dette året</li> <li>▪ Hovudkontakt for Region Nordhordland er Ann Kristin Schei</li> <li>▪ Det er under planlegging ein regional reiselivskonferanse på Nordhordland folkehøgskule 28. oktober. Dette er eit samarbeid mellom Klar bedrift AS, Region Nordhordland IKS og Visit Bergen. Alver og Osterøy er representert i planleggingsgruppa.</li> <li>▪ Til slutt stilte Nyland opent spørsmål om kva Nordhordland sitt DNA er? Kva ønskjer ein å ha som etterlatt inntrykk – kva skal ein sitte igjen med?</li> </ul> <p>Regionrådet og Visit Bergen er einige om at me må bruka Unescostempelet ein har fått med Nordhordland Unesco biosfæreområde og at ein her må vidareutvikla produktvikling og marknadsføring kring dette. Biosfære må få meir innhald slik at folk får noko meir konkret å forhalda seg til.</p>

	<p>Meir informasjon i vedlegget og heimesida <a href="http://www.visitbergen.com/">www.visitbergen.com/</a></p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 14/21	<p><b>Status frå Museumssenteret Hordaland</b> (vedlegg) Direktør Elisabeth Halvorsen Museumssenteret i Hordaland (MUHU) presenterte natur- og kulturarvsmuseet. <a href="https://muho.no/">https://muho.no/</a></p> <p>MUHU skal driva aktivbevaring og levande formidling. MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansemiljø for konservering og bygningsvern i Hordaland, og har avdelingar i Salhus, på Lygra, Radøy og Osterøy. MUHU har 6 avdelingar, 45 faste tilsette / 36,8 årsverk og ei omsetjing i 2020 på kr 40,5 mill. Andre nøkkeltal er 109 kulturhistorisk bygg, 27 788 i 2019, 40 357 gjenstandar, 17 741 foto og 3 580 dekar kulturlandskap.</p> <p>Ny strategiplan for 2022 – 2027 er under arbeid, og strategiske føringar / målområde er 2022 – 2027 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <i>Styrke posisjonen til museet gjennom spydspissane</i></li> <li>▪ <i>Styrke og fornye museet gjennom auka digitalisering</i></li> <li>▪ <i>Auke eigeninnteninga basert på kjerneverksemda vår</i></li> <li>▪ <i>Kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern</i></li> </ul> <p>Forventningar er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <i>Møtestad- ein stad kor alle kan koma og henga,</i></li> <li>▪ <i>Med kafé og butikk</i></li> <li>▪ <i>Og halde ope for å legge til rette for debatter og som diskusjonsarena</i></li> <li>▪ <i>Og halde ope for dei frivillige- som vert rekna som ei viktig brukargruppe/målgruppe for dei profesjonelle musea- bør diskuterast</i></li> <li>▪ <i>Vi skal levere til reiselivet- som set sine krav og forventningar</i></li> <li>▪ <i>Helst vere «like gode» som kommersielle opplevelsessentra- ha høg eigeninntening og høge besøkstal</i></li> </ul> <p>Det finnest ein del utfordringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <i>Tilskota dekker ikkje løns- og prisvekst, ABE – reform</i></li> <li>▪ <i>Mange (109) kulturhistoriske bygg, vedlikehaldsetterselep og store investeringsbehov</i></li> <li>▪ <i>ASBEST</i></li> <li>▪ <i>Behov for investeringar i IKT, digitale løysingar</i></li> <li>▪ <i>Covid-19 vil også påverke 2021 og 2022?, direkte og indirekte</i></li> <li>▪ <i>Mange krav, men ingen nye løyvingar</i></li> <li>▪ <i>Kulturmiljøforvaltinga og endringar i forskrift kan redusere tilskot</i></li> <li>▪ <i>Lønspress</i></li> </ul> <p>Når det gjeld konkret Nordhordland, så vart det gjennomført ei kartlegging og tilstandsvurdering av private samlingar i Nordhordland i 2014/2015. Målet var å definera magasinbehov knytt til samlingane og skapa grunnlag for arbeidet med ein dokumentasjonsplan for regionen, samt å få ei oversikt over samlingane for å drøfta løysingar for tilgjengelegheit og grunnlag for vidare arbeid med innsamlings- og dokumentasjonsplan.</p> <p>Det vart kartlagt og vurdert 15 samlingar i 9 kommunar. Lindås Sogelag sine samlingar var ikkje ein del av kartlegginga då dei i følge rapporten var i prosess og mykje av samlingane var lagra tilfredsstillande MUHU fekk ei oversikt over noverande situasjon for dei ulike samlingane, og ein fekk gitt råd til eigarane m.o.t. betring av oppbevaringsforhold og konservering og råd for å best sikra og ivareta samlingane der dei står. Vidare fekk ein eit godt grunnlag for korleis MUHO kan bidra i det vidare arbeidet.</p> <p>Konklusjon av kartlegginga er at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <i>Samlingane inngår i ein heilskap med bygningen dei står i og har først og fremst lokal verdi</i></li> <li>▪ <i>Det umiddelbare behovet for magasinlokale er svært lite i areal</i></li> <li>▪ <i>Utfordringane til desse samlingane er mangel på personar som har ansvar for samlingane og som har ressursar (tid, pengar og kunnskap) for å sikra tilfredsstillande oppbevaringsforhold på staden</i></li> <li>▪ <i>Mange av samlingane er lite tilgjengelege og det er tilfeldig registrering av dei</i></li> <li>▪ <i>Dei fleste samlingar manglar definerte mål og planar</i></li> <li>▪ <i>Vidare arbeid med regional innsamlingsplan må forankrast i regionen og magasinbehov sjåast i samanheng med dette</i></li> <li>▪ <i>Utviding av MUHO sitt ansvarsområde knytt til desse oppgåvene må finansierast gjennom nye midlar</i></li> </ul>

	<p>Det er i dag ei samarbeidsløysing mellom fylkeskommunen, MUHO, Alver, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen om rådgjevingstenester innan bygningsvern og andre museumstenester. Det er ei definert satsing frå fylke og stat i å utvida ordninga med bygningsvernkonsulentar, og det er behov for tettare dialog med alle kommunane i ordninga for å sikra at alle kommunane utnyttar tenesta og at MUHU kan planleggja aktivitet som er viktig for kommunane i kulturplanarbeidet</p> <p>MUHO viste til det er eit mål med regionreforma å styrkja det regionale og lokale samarbeidet mellom kulturmiljøforvaltninga og eigarar, frivillige og frivillige organisasjonar, og at det vil bli vurdert å gje oppstarttilskot for å stimulera til utvikling av regionale rådgjevingstenester.</p> <p>Fylkeskommunen lyste ut midlar til etablering av kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern i januar, der Riksantikvaren ønskte å invitera regional forvaltning, i samarbeid med kommunane, å ta initiativ til etablering av regionale eller kommunale kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern. Døme på organisering av kunnskapssenter et t.d. samarbeid med eit kulturhistorisk museum om opplæring, rådgjeving, bygningsvernkonsulent-tenester mv. MUHU kan vera partnar i eit slik initiativ.</p> <p>Etter presentasjonen var det deretter spørsmål og dialog om situasjonen i Nordhordland.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 15/21	<p><b>Interkommunal plan for sjøareal Region Nordhordland. Kort statusoppdatering</b></p> <p>Bent Gunnar Næss orienterte kort om status for arbeidet. Planprogrammet har vore på høyring og det er motteke 45 innspel. Innspela som gjeld sjølve planprogrammet er ikkje av ein type som gjer at det må gjerast vesentlege endringar. IKPU bør derfor kunne vedta planprogrammet i sitt møte 21. juni.</p> <p>Det er ein del konkrete arealinnspel og forventningar til at det kan gjerast strukturelle endringar innanfor akvakultur. Dette vil bli ein krevjande øving og må derfor gjerast på ein grundig måte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Alle kommunane må sjå på dei innspela som gjeld for eigen kommune</li> <li>▪ Ved konkrete arealinnspel, vil ein gjerne ta ei befarig – her må også medlem interkommunalt planutval (IKPU og administrasjonen i kommunen vera med</li> <li>▪ Ein ønskjer å få til eit dagsseminar i september om temaet, der næring, forvaltning og andre vert invitert</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 16/21	<p><b>Nordhordland Unesco biosfæreområde. Nedsetjing av eit biosfæreråd</b></p> <p>Ihht. til strategiplan for Nordhordland UNESCO biosfæreområde skal det etablerast eit fagleg råd, «Biosfæreråd», som skal peikast ut av Regionrådet. Region Nordhordland IKS skal føreslå kandidatar, og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram forslag til samansetjing av biosfærerådet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtar denne samansetjinga av Biosfærerådet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ordførar (eigarkommunane): Sara Sekkingstad</li> <li>▪ Ordførar Hallvard Oppedal og Per Lerøy</li> <li>▪ Rådmann (eigarkommunane): Atle Fasteland</li> <li>▪ Dagleg leiar (Nordhordland Næringslag): Baste Tveito,</li> <li>▪ Universitetet i Bergen: UNESCO Chair, Inger Elisabeth Måren</li> <li>▪ Landbruk/ Skogbruk: Laila Bjørge, landbrukskontoret i Alver, Austrheim, Modalen, Fedje</li> <li>▪ Nordhordland turlag (organisasjonar/lag), dei utnemner ein person</li> <li>▪ Statsforvaltaren i Vestland; Dirk Kohlmann, fagdirektør for skog, tre og grønne verdiar</li> <li>▪ Vestland fylkeskommune: dei utnemner ein person</li> <li>▪ Dagleg leiar Region Nordhordland IKS: Rune Heradstveit</li> </ul>
Sak 17/21	<p><b>Nordhordlandsrapporten. Vidare prosess. Nedsetjing av arbeidsgruppe</b></p> <p>Rune Heradstveit viste til at Regionrådet i møtet 16. april bad administrasjonen i neste møte koma tilbake med forslag til endeleg samansetjing av eit utval som skal fylgja opp scenariorapport Nordhordland.</p>

	<p>Rune Heradstveit har hatt dialog med leiar i Nordhordland Næringslag og Hogne Haugsdal, Alver kommune og føreslår denne organiseringa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Eigar / Styringsgruppe: Regionrådet</li> <li>▪ Arbeidsgruppe: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Baste Tveito, Nordhordland Næringslag</li> <li>▪ Hogne Haugsdal, Alver kommune</li> <li>▪ Børge Brundtland, Industriutvikling Vest</li> <li>▪ Bobby Sander, Osterøy Utvikling</li> <li>▪ Ragnhild Underthun, Gulen og Masfjorden Utvikling</li> <li>▪ Rune Heradstveit, Region Nordhordland IKS</li> </ul> </li> <li>▪ Referansegrupper: Det er viktig at arbeidsgruppa forankrar arbeidet godt undervegs, og har møte og dialog med formannskap / næringsutval, rådmannsutvalet, næringslag/næringssselskap m.v.</li> <li>▪ Arbeidsgruppa tar tak i dei utfordringane som ligg i scenariorapporten, konstituerer seg sjølv og kjem tilbake med mandat, tidsplan m.v. i neste møte i Regionrådet.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtar denne organiseringa i arbeidet med oppfølging av scenariorapport Nordhordland:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Eigar / Styringsgruppe: Regionrådet</li> <li>▪ Arbeidsgruppe: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Baste Tveito, Nordhordland Næringslag</li> <li>▪ Hogne Haugsdal, Alver kommune</li> <li>▪ Børge Brundtland, Industriutvikling Vest</li> <li>▪ Bobby Sander, Osterøy Utvikling</li> <li>▪ Ragnhild Underthun, Gulen og Masfjorden Utvikling</li> <li>▪ Rune Heradstveit, Region Nordhordland IKS</li> </ul> </li> <li>▪ Referansegrupper: Det er viktig at arbeidsgruppa forankrar arbeidet godt undervegs, og har møte og dialog med formannskap / næringsutval, rådmannsutvalet, næringslag/næringssselskap m.v.</li> <li>▪ Arbeidsgruppa tar tak i dei utfordringane som ligg i scenariorapporten, konstituerer seg sjølv og kjem tilbake med mandat, tidsplan m.v. i neste møte i Regionrådet.</li> </ul>
Sak 18/21	<p><b>Kva oppgåver og fokus skal Regionrådet har framover? Nedsetjing av arbeidsgruppe</b> Alver ønskjer ein gjennomgang kva oppgåver det er naturleg Regionrådet og administrasjonen bør løysa framover, og at ein har ei bevisstgjerjing om kva ein jobbar saman om - og kva kommunane skal gjera kvar for seg.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet set ned ei arbeidsgruppa som skal gjennomgå kva oppgåver som er naturleg å leggja til Regionrådet og administrasjonen framover. Arbeidsgruppa består av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Karstein Totland</li> <li>▪ Sara Sekkingstad</li> <li>▪ Lars Fjeldstad</li> <li>▪ Jo Bjarte Tømmerbakke (leiar rådmannsutvalet)</li> <li>▪ Atle Fasteland</li> <li>▪ Rune Heradstveit</li> </ul> <p>Arbeidsgruppa lagar ein plan for det vidare arbeidet. Arbeidsgruppa rapportar til Regionrådet, og har gjennom Tømmerbakke og Heradstveit tett dialog med rådmannsutvalet.</p>
Sak 19/21	<p><b>Status RNH – omvising</b> Regionrådet fekk kort status om prosjektet samt omvising i bygget.</p>
Sak 20/21	<p><b>Revisjon av Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland</b> Ove Sæbø la fram revidert plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland (vedlegg). Anne Hildegunn Færøy bisto. Planen er ein revisjon av «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 – 2017». Planen er godkjent i kommunalsjefsgruppa og rådmannsutvalet.</p> <p>Mandatet har vore:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ at Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 – 2017» vert revidert og at kommunalsjefsgruppa for helse og omsorg får oppdraget med å gjennomføre revisjonen,</li> <li>▪ at områda føremål, prinsipp, forankring og involvering, samt prioriterte innsatsområde særleg vert</li> </ul>

	<p>vurdert</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ plan for involvering og forankring slik det er skissert i saka og i vedlagt framdriftsplan.</li> </ul> <p>Kommunalsjefsgruppa sette ned eit arbeidsutval som har jobba med revisjonen, og arbeidsgruppa har orientert og lagt status for planen fram for fagråd og nettverk, kommunalsjefsgruppa, rådmannsutvalet og Regionrådet etter ein framdriftsplan.</p> <p>Sæbø gjekk gjennom dei viktigaste endringane og framlegg til vedtak:  <i>«Regionrådet Nordhordland sluttar seg til Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031 slik den ligg føre, og ber om at planen vert lagt fram til politisk handsaming i kommunane.»</i></p> <p>Deretter var det spørsmål og innspel.</p> <p>Sara Sekkingstad stilte spørsmål om kven som skal fylgja opp planen og korleis er denne oppfølginga skal vera med tanke på forholdet til kommunale planar.</p> <p>Ove Sæbø svara at det er meininga at kommunalsjefsgruppa skal utarbeida ein handlingsplan som omhandlar tiltak og kven som er naturleg skal følgja desse opp. Vidare skal denne planen støtta opp under dei kommunale planane og sjåast i samheng med desse.</p> <p>Ørjan Raknes Forthun meinte at planen legg opp til at ein skal lykkast på alle område. Kanskje den skulle vore meir spesifikk på prosjekt, og ikkje bli oppfatta som så overordna. Det vart og peika på at planen gir forventningar, og at det ikkje er lagt inn midlar til oppfølging. Det er ganske krevjande å følgja opp slike planar.</p> <p>Ove Sæbø og Anne Hildegunn Færøy viste til at planen er så overordna at den ikkje bind kommunane i detalj, men seier noko om felles retning. Planen er ein revisjon av førre plan og arbeidsgruppa har svara på det mandatet som Regionrådet vedtok samt at det har vore svært tett prosess med kommunalsjefsgruppa og andre interessentar. Ambisjonen er at den skal liggja til grunn for kva kommunalsjefsgruppa saman skal jobba med framover.</p> <p>I diskusjonen vart det peika på at det vil vera feil signal om at ein ikkje klarer å bli einig om ein felles helse- og omsorgsplan for regionen, sjå på kva ein har fått til med Region Nordhordland Helsehus. Planen er meir å sjå som felles strategiar for regionen, og ikkje som ein konkret plan. Denne type plan er meint å hjelpa kommunane til meir effektiv ressursbruk og at ein kan spara kommunale ressursar.</p> <p>Det vart vidare vist til at planen er handsama i kommunalsjefsgruppa og deretter rådmannsutvalet.</p> <p>Regionrådet vart einige om å ta bort ordet «plan» og erstatta dette med «felles satsingar».</p> <p><b>Vedtak:</b>  Regionrådet vedtar å endra namn på planen frå «Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031» til «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031», og ber om at planen vert lagt fram til politisk handsaming i kommunane.</p>
Sak 21/21	<p><b>Fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus, orientering om prosjektet</b> (vedlegg)</p> <p>Anne Hildegunn Færøy og Tonje Husum Aarland orienterte om prosjektet med fag- og tenesteutvikling i Region Nordhordland Helsehus og satsinga som kommunar, sjukehus og fylkestannlegen samarbeider om. Dei gjekk gjennom prosjektmandat, oppdrag og utgreiings- og konseptfasen. Dette er ei satsing og eit prosjekt som kommunar, sjukehus og fylkestannlegen samarbeider svært godt om. Dei viste vidare til at sak om oppretting av ei prosjektstilling ligg i kommunane til handsaming.</p> <p><b>Vedtak:</b>  Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 22/21	<p><b>Psykologkompetanse til kommunane. Modell for å rekruttere og behalde</b> (vedlegg)</p> <p>Bakgrunnen for prosjektet er problem med å rekruttere og halda på psykologkompetanse, og at auka rekruttering og tilsetting av psykologar er halde fram som eit viktig helsepolitisk tiltak for å styrkja den kommunale helse- og omsorgstenesta. Frå 1.januar 2020 er kommunane pålagt å ha psykolog som ein del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta.</p>

	<p>Psykologkompetansen er sentral både for planarbeid, førebyggjande arbeid og for behandlingstilbodet i kommunane.</p> <p>Ove Sæbø og Tonje Husum Aarland orienterte om status for arbeidet i prosjektet ihht. vedlegg som viser prosjektmandat for vidareføring av forprosjektet.</p> <p>Vaksdal som ny kommune er invitert til å vera med i det vidare prosjekt.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande og ser det som positivt om Vaksdal vert med i prosjektet.</p>
Sak 23/21	<b>Eventuelt</b> Ingen saker.

Knarvik, 14. juni 2021



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

- Sak 13/21: Anders Nyland, informasjon / presentasjon Visit Bergen
- Sak 14/21: Elisabeth Halvorsen informasjon / presentasjon Museumssenteret Hordaland (2)
- Sak 20/21: Presentasjon – revisjon plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta
- Sak 21/21: Presentasjon Fag og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus
- Sak 22/21: Prosjektmandat for vidareføring av forprosjekt - Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde